

1 Breibandutvikling

2 For at ein skal ha levande bygder og byer i Noreg treng ein næringsliv,
3 Senterungdommen har tidlegare vedtatt at ein skal legge til rette for
4 næringsutvikling i heile landet. Etersom ein større del av det tradisjonelle
5 papirarbeidet vert digitalisert, vert internett ein nødvendighet for at næringa
6 skal overleve.

7

8 Noreg og resten av verden har den siste tida vært igjennom ein pandemi.
9 Skrivebord og pultar er bytta ut med kjøkenbord. Internett har blitt eit viktig
10 verktøy for å halde tritt med skule og arbeide. Det har vist seg at det er mange
11 som slit med dårleg kapasitet og fart på internettet.

12 Ifølgje Elkjøp.no treng ein familie på tre eller fleire om lag 50-80Mbit/s.
13 (elkjop.no). I fleire områder vert det ikkje levert høgare en 10Mbit/s eller
14 30Mbit/s. Når ein familie på tre eller fleire som eigentleg treng 50-80Mbit/s får
15 mindre, vert det treigt og vanskeleg å bruke det samstundes.

16 I Stortingsmeldinga «Digital agenda for Norge» har regjeringa fastsett som
17 overordna mål at 90% av husstandane skal ha tilbod om minst 100Mbit/s innan
18 år 2020. Per våren 2020 ligg det på 89%.

19 Det er sjølvsagd veldig bra at så mange husstandar har tilbodet, men det er 11%
20 for lite, om ein skal ta heile landet i bruk.

- 21 • Senterungdommen ynskjer at 100% av landets husstandar skal ha
- 22 høghastigheits breiband 2024.
- 23 • Senterungdommen ynskjer å auke grunnleggjande datafart frå 10mbit/s til
- 24 100mbit/s.
- 25 • Senterungdommen ynskjer ei breibands utbygging i tråd med breibands
- 26 utviklinga.

27

28 Birkenes Senterungdom, Agder
29 Syvert E. Furholt